



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 16.05.2019  
Vår ref.: 2019/11054-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnafagleg fråsegn - Landbruksveg – Gnr. 156, bnr. 82 - Austrheim kommune

Me viser til brev datert 26.04.2019 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg klasse 4.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern. Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som kjem i konflikt med (det omsøkte) tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyremakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at me har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.